



Solveig Haugland er ein av mange lovande langrennsjenter i UIL. Her går ho i mål i eit karusellrenn

Karusellrenna i Fjellhaugen startar med Matres renn søndag 20. januar og inspirert av Tour De Ski blir det fellesstart med valfritt skibyte, opplysar skigruppeleiar Ole Vidar Monsen.

Fristen for påmelding er 17. januar og også UIL ventar stort fram møte etter fyldig oppslutnad under fellestreningane denne hausten, Gløymer ein påmelding må ein etteranmelda sjølv på renndagen

Detaljane om rennet finn ein på nettsida til UIL.

Søndag 27. januar kjem turen til Uskedalen IL og då er det sprint med prolog og full pakke, les vi i terminlista.

Rosendal har kveldsrenn med fristil onsdag 13. februar og søndag 24. februar går Kvinnheradrennet i klassisk med Ternen og Uskedalen som arrangørar.

Sundag 3. mars er det Omvikdalens tur med KM i klassisk og punktum for sesongen vert sett laurdag 9. mars i regi av Rosendal og med stafett-KM på programmet.

Altså ein ny hektisk sesong, berre det kjem nok snø!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Starten går i Fjellhaugen!